

Tumultar på tunet

Ungdomsskuleelevar gjev liv til 200 år gammalt bondeoppør.



DRAMATIKK: Fut og spelesjef Lars Voss Sørhus står i skvis mellom bønder til venstre og kjøpmenn til høgre. Stemninga var til tider amper. Alle foto: Lars Sveinung Lid

Lars Sveinung Lid
lars@bygdanytt.no

- A NGRIP! Ta smøret tilbake. Me er fleire enn dei.

På det gamle gardstunet på Osterøy museum står ein gjeng kriger-ske bønder, klare til å gå til angrep på embetsmennene som står utsette til på haugen like ved.

MATMANGEL // Året er 1814, og to nian-deklassar ved Osterøy ungdomsskule har fått skrudd klokka 200 år tilbake i tid denne onsdagen. Temaet er mat, eller mangel på det. Elevane byrja dagen med å laga tradisjonskost frå 1814; smør, vassgraut, barkeflatbrød og kverna tang til krydder - og det har smakt på maten også.

— Eg er glad eg ikkje levde då. Det smakte ikkje noko særleg, vedgår Jøran Stokke.

TOK SITT EIGE LIV // Året 1814 var spesielt ille i matvegen for mange. Krig i Europa gjorde at korntilførselen skrumpa inn og kornprisane galopperte.

— Me veit om kvinner i Noreg som tok livet av borna sine og seg sjølve dette året, på grunn av matmangel, fortel formidlingskoordinator ved Museumssenteret i Hordaland, Lars Voss Sørhus. Og ungdommane lyttar.

— Dette er ein veldig kjekk måte å læra på. No kan me oppleve korleis det var, i staden for berre å høyra om det, slår Adrian Bogdan fast.

STORT OPPØR // Sørhus er også fut for dagen, og leiar av rollespelet. Nokre elev-ar er bønder, andre kjøpmenn og nokre igjen embetsmenn. I 1814 gjekk om lag tusen menn og kvinner frå Samnanger, Fana, Osterøy og Ytre Nordhordland saman, og trua kjøpmenn og embetsmenn til å setja ned kornprisane. Opprøret blei kalla «Det tumultariske opptrinn», og rollespelet tek utgangspunkt i den historiske hendinga, men elevane vel sjølve korleis det skal enda.

For 9. klassingane utarta det seg aldri til handgemeng denne onsdagen. Militæret tok kontroll, det blei rettsak og leiarane for opprøret blei straffa.

KRIG FØRER TIL MATMANGEL // Spelleiar Sørhus drog også liner til i dag, og viste korleis væpna konfliktar framleis fører til matmangel, som i Syria.

— Fordeling av mat er ein viktig del av arbeidet med menneskerettar og demokrati, påpeikar leiar for Havråtunet, Marit Adelsten Jensen, som også var med på spelet.

— Og dette opprøret var ei viktig brikk for at mennene møttest på Eidsvoll i 1814, seier ho.

► **VIDEO PÅ NETT**



TREKK LINER: Krig fører ofte med seg matmangel, poengterer Lars Voss Sørhus, og nemner konflikten i Syria som eksempel på dette.



LIKAR 2014: Me er glade at me ikkje levde då, seier niandeklassingane Adrian Bogdan og Jøran Stokke, etter ein dag med barkebrød og vassgraut.